



Arkivnr: 2014/23359-1

Saksbehandlar: Nils E Grude

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		09.12.2014

Klage på avslag om søknad om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense til Fv 63 på Toftevåg på Halsnøy i Kvinnherad kommune

Samandrag

Saka som vert anka inn til avgjerd i Klagenemnda starta opp hausten 2011 med søknad om dispensasjon frå plankrav om oppføring av naust med brygge ved Fv 63 på Toftevåg på Halsnøy i Kvinnherad kommune. Kvinnherad kommune ber om uttale frå Statens vegvesen som svarar at dei førest at det ikkje vert gjeve dispensasjon før dei har fått søknad om avkjørsle og dispensasjon i høve veglova.

Kvinnherad kommune ved Forvaltningskomitéen godkjenner søknaden om dispensasjon frå plankravet, men underrettar ikkje Statens vegvesen om vedtaket. Statens vegvesen viser i seinare skriv til at sidan dei ikkje vart underretta om vedtaket, og at dei difor rekna med at det ikkje vart gjeve nokon dispensasjon i denne saka.

Ny kontakt mellom tiltakshavar og Statens vegvesen vert oppretta i mars 2012, der det i e-post vert vist at tiltakshavar ønskjer fortgang i saka, og viser til at det til kommunen er sendt inn søknad om avkjørsle og dispensasjon til å bygge 6,5 meter frå vegmidte. Det skjer ikkje noko fortgang i saka før 11.08.14 der tiltakshavar i brev til Statens vegvesen etterlyser svar på søknad om avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense. Statens vegvesen avslår desse søknadane i brev av 01.09.14.

Tiltakshavar klagar på Statens vegvesen via advokatfirmaet Kluge (AK) i brev av 19.09.14. Det vert stilt spørsmål ved tidsbruken til Statens vegvesen, om retten til kommunen til å godkjenne byggesøknad utan godkjenning av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense, og til slutt at søknaden subsidiert var avgrensa til å føre opp ei brygge.

I oversendingsbrevet til Hordaland fylkeskommune frå Statens vegvesen er det ein gjennomgang av korrespondansen over tid i saka. Ein punktvis gjennomgang av klaga frå tiltakshavar og tilsvarende Statens vegvesen si punktvis vurdering av klagepunktene. I oppsummeringa frå Statens vegvesen vert det vist til vesentlege feil i kommunen si sakshandsaming i denne saka, og at dei opprettheld vedtaket om avslag på avkjørsle og søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Tiltakshavar sender i brev av 10.10.14 til Hordaland fylkeskommune kommentarar til oversendingsbrevet frå Statens vegvesen. Innhaldet i brevet er stort sett ei gjentaking av tidlegare ankebrev frå advokatfirma. Tiltakshavar viser til at vedtaket i kommunen om dispensasjon frå plankravet vart sendt som kopi til vegeigar, Hordaland fylkeskommune. Sjølv om kopi av vedtaket faktisk ikkje vart sendt Statens vegvesen er tiltakshavar av den oppfatning at Statens vegvesen burde ha orientert seg i saka opp mot Kvinnherad kommune, før dei lét søknaden ligge i 2,5 år. Tiltakshavar skriv og at dei kan auke byggegrensa til 10 meter eller meir, og at plassering av naustet vil ha minimal påverknad av vedlikehald av vegen.

Etter fylkesrådmannen sine vurderingar i denne saka ligg det her føre sakshandsamingsfeil frå Kvinnherad kommune. Statens vegvesen avslår søknaden om avkjørsle til eigedomen av omsyn til tekniske krav, m.a. krav om snuplass. Fylkesrådmannen viser til at tiltakshavar ikkje har tilkomst til andre parkeringsplassar og det vil då vere eit krav om parkeringsplass på eigedomen der det og er mogleg å snu ein bil.

Rammeplanen viser at det for denne vegen er ei byggegrense på 30 meter, men dette kan fråvikast gjennom ein reguleringsplan. Her er det tale om å få bygge naust 6,5 meter frå vegmidte, som sjølv med ein reguleringsplan truleg ikkje ville blitt godkjent. Fylkesrådmannen tilrår difor at Klagenemnda avslår anken frå tiltakshavar.

Forslag til vedtak

Klagenemnda avslår klagen frå Liv Karin Helvik Skjærven om avslag på søknad bygging av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense til Fv 63 på Toftevåg på Halsnøy i Kvinnherad kommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.11.2014

Statens vegvesen sender i brev av 26.09.14 over klage på vedtak for avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense på Toftevåg, Halsnøy i Kvinnherad kommune (sjå vedlegg).

Bakgrunn for sakaSeptember 2011 – Mars 2012

Saka starta 22. september 2011 med at Kvinnherad kommune sendte over forslag til saksframlegg til Statens vegvesen om dispensasjon frå krav om reguleringsplan/bebyggelseplan for oppføring av naust og kai på frådelt tomt i Toftevågen på Halsnøy (vedlegg 1).

Statens vegvesen svarte i brev av 26.09.11 (vedlegg 2) at det ikkje ligg føre reguleringsplan, og at det då må søkjast om dispensasjon frå byggegrense til veg, her 50 meter (30 meter i gjeldande rammeplan, juni 2013). Vidare at det ikkje var søkt om avkjørsle til tiltaket. Statens vegvesen viser til at dei vil stille krav om det vert minimum 1 parkeringsplass til disposisjon for naustet, og at det til fritidsbustaden på andre sida av vegen ikkje var tilfredsstillande parkeringsplass for eventuell bruk av nausteigedomen. Statens vegvesen føreset difor i brevet til Kvinnherad kommune at det ikkje vert gjeve dispensasjon til oppføring av naust og kai før dei har mottatt og tatt stilling til søknad om avkjørsle med parkering og dispensasjonssøknad i høve veglova.

I brev av 03.10.2011 frå tiltakshavar til Kvinnherad kommune med kopi til Statens vegvesen (vedlegg 3) understrekar tiltakshavar at søknaden om dispensasjon ikkje gjaldt oppføring av naust og kai, men som eit delprosjekt knytt til utbetring av sjøtomten med bygging av brygge.

Som det framgår av saksutgreiinga til Statens vegvesen (vedlegg 8, side 3), så vurderte Statens vegvesen, med bakgrunn i brevet frå tiltakshavar av 03.10.11, at det her ikkje var snakk om å tillate bygging av naust før dette vart lagt fram i ein reguleringsplan som også ville ta med seg byggegrenser, tilkomstveg, parkering og andre trafikksikringstiltak i ein større samanheng. Vidare skriv Statens vegvesen: «Med dette skrivet (frå tiltakshavar), vurderte Statens vegvesen det slik at søknaden om dispensasjon frå plankravet (om reguleringsplan) ikkje vart handsama vidare i Forvaltningskomitéen, sidan vi ikkje hadde fått kopi av vedtak frå kommunen.»

I e-post av 12.03.12 frå tiltakshavar til Statens vegvesen (vedlegg 4) vert det vist til søknad frå Halsnøy Trelast A/S på vegne av tiltakshavar om søknad om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense. Det framgår ikkje klart i e-posten om denne søknaden vart sendt frå Halsnøy Trelast A/S til Statens vegvesen. Men, som det framgår av e-posten og den vedlagte søknaden er søknaden motteke av Kvinnherad kommune 09.03.12. Statens vegvesen viser til at dei ikkje har motteke denne søknaden frå kommunen (vedlegg 8, side 3).

August 2014 – Oktober 2014

I brev av 11.08.2014 til Statens vegvesen etterlyser tiltakshavar svar på søknad om avkjørsle, parkeringsplass og dispensasjon frå plankrav til bygging av brygge og naust (vedlegg 5).

Statens vegvesen svarar tiltakshavar i brev av 01.09.14 (vedlegg 6). I brevet går Statens vegvesen inn på dei tekniske sidene ved krav knytt til avkjørsler på staden (frisikt 4 meter inn i avkjørsle 115 meter til begge sidene, svigradius 8 meter og snu- og parkeringsplass på eigen grunn), og at i høve kommunen sin arealplan på staden (føremål fritidsbustad) er det krav om reguleringsplan, og at naust ikkje er i samsvar med føremålet fritidsbustad. Statens vegvesen avslår med heimel i veglova §§ 40 og 43 søknaden om avkjørsle då dei tekniske krava ikkje er oppfylt, og med heimel i veglova §§ 29 og 30 avslår dei søknaden om naust og brygge ut frå at ei

byggegrense på 6.5 meter frå vegmidte vil skape problem for vedlikehald av fylkesvegen, støv og støy frå veggen, og at naust ikkje samsvarar med føremålet fritidsbustader i kommunedelplanen.

Klagehandsaming

Tiltakshavar overlet sak om søknad om avkjørsle og dispensasjon til advokatfirmaet Kluge (AK) som i brev av 19.09.14 til Statens vegvesen klagar på Statens vedtak av 01.09.14 (vedlegg 7).

Første punkt i brevet frå AK går på samordningsplikt etter Plan – og bygningsloven, §21-5. Det vert m.a. vist til at Kvinnherad kommune i Forvaltningskomitéen gjorde vedtak 05.10.11 om dispensasjon frå plankravet (les: reguleringsplan) og at det vart gitt løyve til å føre opp naust og kai på eigedomen slik det vart søkt om. Vidare at det ikkje er sett krav om at det skal innhentast løyve frå Statens vegvesen (vedlegg 7, side 2, 2. avsnitt).

Statens vegvesen hadde då tidlegare, i brev av 26.09.11 til kommunen, gjort det klart at « Statens vegvesen føreset at det ikkje vert gjeve dispensasjon til oppføring av naust og kai før vi har motteke og teke stilling til søknad om avkjørsle m/parkering og dispensasjon i høve veglova.» Som nemnt ovanfor meiner AK at det ikkje er sett fram krav om at kommunen/tiltakshavar må innhente løyve frå Statens vegvesen.

AK viser til at Statens vegvesen ikkje har gitt ei nærare forklaring på kvifor dei har brukt fleire år på å handsame saken (les: vedtaket i Forvaltningskomitéen av 05.11). Altså at Statens vegvesen ikkje reagerte på vedtaket i Forvaltningskomitéen. Statens vegvesen viser til at dei vurderte det slik at søknaden om dispensasjon frå plankravet ikkje vart handsama vidare i Forvaltningskomitéen (sjå vedlegg 8, side 3, 3. avsnitt). Dette utifrå at dei skriv at dei ikkje vart orientert om vedtaket i Forvaltningskomitéen.

Byggegrense

AK går i punkt 3 i brevet av 19.09.14 (vedlegg 7, side 3) inn på avslaget frå Statens vegvesen med omsyn til byggegrensa som i rammeplanen for Hordaland fylkeskommune her er sett til 30 meter. Her viser advokatfirmaet til at det i kommuneplanen sin arealdel er fråvik frå byggegrensa. I Statens vegvesen sine merknader (vedlegg 8 side 6, 5. kulepunkt) til dette vert det vist til at det er gjennom reguleringsplan at byggegrensa ville kunne blitt avklart.

Avkjørsle

Når det gjeld Statens vegvesen sitt avslag på avkjørsle til eigedomen viser AK (vedlegg 7, side 4) til at det ikkje er søkt om avkjørsle til bustad, men til naust, og vidare at dei ikkje kan sjå at det for avkjørsle for naust skal vere krav til snuplass inne på eigedomen.

Statens vegvesen viser i sine merknader (vedlegg 8, side 6, kulepunkt 4) til at avslaget er grunngjeve med omsyn på krav om teknisk utforming, sikt o.s.b., og at eit (hytte)naust klart er eit tiltak som krev parkeringsplass. Og vidare, når det ikkje kan disponerast parkeringsplass i nærleiken av naustet, så vert det kravd godkjend avkjørsleløyve til nausttomta.

Subsidiert søknad om bygging av brygge

AK viser til at det i søknaden frå tiltakshavar til Kvinnherad kommune av 17.11.2010 (vedlegg til vedlegg 1) kom fram at dei kunne tenke seg å avgrense søknaden til berre å gjelde oppføring av brygge. Det heiter m.a. i søknaden frå tiltakshavar: «Sjø- og båtlivet er en sentral del av aktiviteten når vi er i Toftevåg. Sjøtomten er stedet vi skal komme i båt. Tomten er imidlertid farlig for om bord- og ilandstigning. For barnebarna er det umulig å ferdes der. Vi kan med andre ord

ikke nytte tomten slik den er i dag. Dette har også vært vår tidligere grunn for å søke om byggeløyve.»

Det vert frå AK vist til at Statens vegvesen i sitt brev av 01.09.14 ikkje kommenterer ein alternativ søknad om brygge. Og vidare at det «er av stor betydning at også den subsidiære søknaden blir behandlet, og at det etableres en dialog om hvordan de kan komme seg vidare, i hvert fall, deler av prosjektet.»

Oppsummering av merknadene frå Statens vegvesen

Statens vegvesen er klar på søknaden om bygging av hytte/naust ikkje kan imøtekomast med omsyn på krav om både byggegrense og tekniske krav til avkjørsle.

Statens vegvesen viser til at det ligg føre vesentlege feil i sakshandsaminga frå Kvinnherad kommune si side av di Staten vegvesen si uttale av 26.09.11 ikkje vart vurdert, og at Statens vegvesen ikkje fekk høve til å påklage vedtaket i Forvaltningskomitéen.

Statens vegvesen ser ikkje at det er kome nye argument i klagen, og vil difor ikkje endre vedtaket om avslag på søknad om ny avkjørsle og søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Nytt brev frå tiltakshavar via Advokatfirmaet Kluge

AK sender nytt brev av 10.10.14 til Hordaland fylkeskommune med kommentarer frå tiltakshavar til oversendingsbrevet frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune av 26.09.14 (sjå vedlegg 9).

Kommentarane frå tiltakshavar går først på tidspunkt for mottak og datering av søknad om avkjørsel og dispensasjon frå plankrav, og på antakinga til Statens vegvesen at søknaden ikkje vart vidare handsama i Forvaltningskomitéen.

Tiltakshavar viser til at vedtaket i kommunen om dispensasjon frå plankravet vart sendt som kopi til vegeigar, Hordaland fylkeskommune. Sjølv om kopi av vedtaket faktisk ikkje vart sendt Statens vegvesen er tiltakshavar av den oppfatning at Statens vegvesen burde ha orientert seg i saka opp mot Kvinnherad kommune, før dei lét søknaden ligge i 2,5 år.

Det vert vist til at tiltakshavar reelt søker om dispensasjon for oppføring av naust og kai, og ikkje som Statens vegvesen viser til; hyttenaust.

Til sist i brevet vert det vist til at tiltakshavar har ønska dialog med Statens vegvesen i denne saka, men at dette ikkje er oppnådd. Dei viser til at plassering av naust kan plasserast slik at avstand frå vegmidte vert 10 meter, eventuelt meir, og at plasseringa av naustet då vil ha minimal påverknad av vedlikehald av vegen.

Fylkesrådmannen sine merknader

Etter fylkesrådmannen sine vurderingar i denne saka ligg det her føre sakshandsamingsfeil frå Kvinnherad kommune. Kommunen informerte ikkje Statens vegvesen om Forvaltningskomitéen sitt vedtak om dispensasjon frå plankrav, det tyder krav om reguleringsplan, for oppføring av naust og kai på den omtalte eigedomen, utan å ta omsyn til det som vegvesenet hadde uttalt i samband med saka i 2011. Statens vegvesen har i si saksutgreiing gjort greie for kvifor søknad om avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense ikkje vart handsama før i 2014. Og Statens vegvesen starta behandlinga av søknaden då denne kom direkte frå tiltakshavar.

At det har teke lang tid frå saka vart behandla i kommunen til sak om avkjørsle og dispensasjon frå byggjegrænse vart behandla av Staten vegvesen kan ikkje lastast vegvesenet. Det er kommunen si handsaming som er årsaka til dette. Kommunen burde her ha orientert til tiltakshavar at tiltaket var avhengig av at Statens vegvesen godkjente avkjørsle og dispenserte frå kravet til byggjegrænse, når dei gjorde vedtaket. Slikt løyve er eit absolutt krav for at ein kan setja i gang tiltaket.

Det at saka her har teke lang tid har ikkje innverka på det vedtaket som er gjort av Statens vegvesen. Avslaget i saka er grunna på det som vart uttala frå Statens vegvesen i saka i 2011, og på dei krava som er stilt i lov og forskrift når det gjeld dette. Ein kan ikkje sjå at det frå Statens vegvesen er gjort saksbehandlingsfeil, som gjer at vedtaket skulle verta ugyldig.

Statens vegvesen avslår søknaden om avkjørsle til eigedomen av omsyn til tekniske krav, m.a. krav om snuplass. Fylkesrådmannen viser til at tiltakshavar ikkje har tilkomst til andre parkeringsplassar og det vil då vere eit krav om parkeringsplass på eigedomen der det og er mogleg å snu ein bil. Rammeplanen viser at det for denne vegen er ei byggjegrænse på 30 meter, men dette kan fråvikast gjennom ein reguleringsplan. Her er det tale om å få bygge naust 6,5 meter frå vegmidte, som sjølv med ein reguleringsplan truleg ikkje ville blitt godkjent. Fylkesrådmannen tilrår difor at Klagenemnda avslår anken frå tiltakshavar.

Tiltakshavar etterlyser dialog med Statens vegvesen i denne saka. I brev av 19.09.14 frå AK vert det vist til at det i 2011 vart søkt om subsidiert bygging av brygge, og etterspør dialog for å kome vidare, i alle fall for delar av prosjektet. Fylkesrådmannen viser til at bygging av kai på eigedomen ikkje krev dispensasjon frå byggjegrænse, og vil heller ikkje omfatte krav om avkjørsle.